

Årsrapport 2023 for Lydigheit-/rallylydigheitskomiteen:

Leiar: Rønnaug Nesheim

Komitèmedlem: Hilde Gunn Stenseth

I 2023 har LP og Rally hatt jamlege treningar på torsdagar. Me har halde til på utebanen og i hundehallen på Tvildemoen.

LP

LP har hatt aukande aktivitet dette året, og det er ein gjeng som trenar jamleg. Det har ikkje vore annonsert fellestreningar i LP, men me har likevel lagt opp til tema og fokus på momenttrening mot ferdige øvingar. I tillegg har nokre av oss hatt teoretiske «fellestreningar» der me har fokusert på treningsplanlegging.

Målet er å halde fram med fellestreningar også i 2024.

Klubben har ikkje arrangert LP-stevne eller LP-kurs dette året.

Rally

Rallylydigheit har også hatt aukande interesse. Me har hatt fellestreningar i rally jamnleg utover året. Då me ikkje har hatt kapasitet til å halde fellestreningar kvar veke vart treningane annonsert på facebook. Me ynskjer å halde fram med fellestreningane i 2024. Målet er å halde fellestrening for klasse 1 og 2 annankvar torsdag, og eigentrening klasse 3 og elite annankvar torsdag.

I 2023 er det gjennomført to nybegynnarkurs i rallylydigheit. Kursa vart fulle og me håpar deltakarane ynskjer å bli med på fellestreningane framover. For å få mest ut av fellestreningane er det ynskjeleg at deltakarane har gått nybegynnarkurs eller har litt forkunnskapar.

Komiteen arrangerte Dobbeltstevne i Rallylydigheit på Prestegardslandet 26. og 27. august. Dommar var Anneli Kilen Kjeserud. Me hadde rekordpåmelding og stevnet vart fullbooka (dvs 60 startar pr dag) og i tillegg hadde me venteliste. Med litt fråfall enda det med at alle som ynskte det fekk delta på stevnet. Stevnet var svært vellukka og gav eit overskot på om lag 15 000 kr.

Me opplevde det som utfordrande å få nok dugnadsfolk på stevnet og det vert litt høg belastning på enkeltpersonar. Oppfordrar medlem av klubben til å bidra når det er behov for dugnadshjelp.

Med bakgrunn i dette tek me ein pause frå rallystevner i 2024. Dersom me får innspel om at det er ynskjeleg med kurs enten i Rally eller LP vil me prøve å få til dette.

13.02.2024

Rønnaug Nesheim og Hilde Gunn Stenseth